



Indre Hordaland Miljøverk IKS  
Bjørkemoen 60  
5709 Voss

Sakshandsamar:  
Hallvard Hageberg

## Inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Indre Hordaland Miljøverk - deponi

Kontrollnummer: 2021.006.I.SFVL

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Sven Gunnar Ramstad  
Øyvind Birkeland  
Einar Skeie  
Bjarte Nedkvitne

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*

Kristin Espeset  
Hallvard Hageberg

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Indre Hordaland Miljøverk IKS den 19. og 28. mai. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekket 3 avvik og gav ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda har deponert avfall som ikkje oppfyller mottakskriteria og som har mangelfull basiskarakterisering.
2. Oppsamling, handtering og overvaking av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet
3. Verksemda sørger ikkje for at utslepp av deponigass er lågast mogleg

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

**Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift**

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Hallvard Hageberg  
senioringeniør

---

Kopi til: Voss herad

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 874834742	<b>Eigd av:</b> 971155876
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> IHM Bjørkemoen Avfallsdeponi	<b>Anleggsnr.:</b> 4621.0045.02
<b>Kommune:</b> Voss herad	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Deponi for ordinært avfall	
<b>Løyve gitt:</b> 29.06.2009	<b>Sist endra:</b> -

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Tekniske innretningar og oppbygging av deponiet
- Mottakskontroll
- Drift av sigevassreinseanlegg
- Drift av gassanlegg
- Utsleppskontroll
- Overvaking
- Internkontroll

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Indre Hordaland Miljøverk pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 31. desember 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde (handlingsplan med tidsfristar).

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgde opp med ein ny kontroll.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

### 4. Varsel om endra gebyrsats

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda før tilsynet.

Gebyr vert fastsett og innkrevd med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkreving av gebyr til statskassa for Statsforvaltaren sine kontrollar. Ved fastsetting av gebyrsats skal forventa ressursbruk knytt til sakshandsaminga eller kontrollen leggest til grunn.

I informasjon om gebyrsats varsla vi på bakgrunn av forventa ressursbruk eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Ressursbruken knytt til tilsynet har blitt større enn forventa, og vi varslar derfor at gebyr for tilsynet vert kr 50 700,-. Dette svarar til gebyrsats 5 for fleirdagstilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-8. Dersom de har merknadar til dette varselet, må dei sendast til Statsforvaltaren innan tre veker. Gebyret blir deretter fastsett i eige vedtak.

### 4. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

### 5. Avvik

**Avvik 1: Verksemda har deponert avfall som ikkje oppfyller mottakskriteria og som har mangelfull basiskarakterisering.**

**Avvik frå:**

- Løyve til deponiet av 29. juni 2009
  - punkt 2.1 Registrering og kontroll ved mottak av avfall
  - punkt 2.3 Avfall som kan deponerast
  - punkt 2.4 Særskilde krav til deponeringa
- Avfallsforskrifta kapittel 9
  - § 9-4 punkt b) om forbod mot deponering av visse avfallstypar
  - Vedlegg II punkt 1.1 Basiskarakterisering
  - Vedlegg II punkt 1.2 Krav om testing

- Vedlegg II punkt 1.4 Kontroll
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 2 om kunnskap

### **Kommentarar til regelverket**

#### I punkt 2.1 i løyvet er det mellom anna følgjande krav:

Det skal gjennomførast kontroll av alt avfall som takast i mot. Kontrollen skal klarleggje om forskrifta sine krav til behandling av avfallet er oppfylt før deponering, og om innhaldet i avfallet er i strid med løyvet eller interne retningsliner for kva som kan takast imot.

Ein tilfredsstillande mottakskontroll føreset kompetanse om kva som er farleg avfall og korleis dette skal handterast. Krava om kompetanse gitt i vedlegg 3, punkt 6.1 i kapittel 11, om farleg avfall i avfallsforskrifta gjeld for mottak av avfall på anlegget.

#### I punkt 2.3 i løyvet er det mellom anna følgjande krav:

Avfallet skal oppfylle mottakskriteria i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II om samansetjing, utlekkingspotensial, miljøverknader og andre eigenskapar for deponiet på kort og lang sikt.

#### Avfallsforskrifta § 9-4 punkt a)

Det er forbod mot deponering av avfall med innhald av TOC over 10 %.

#### Avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.1

Her er det krav til innhald i basiskarakteriseringa for avfall som skal deponerast. Det er mellom anna krav til klassifisering av avfallet, og for nokre avfallstyper er det krav til dokumentasjon av utlekking ved både kolonnetest og ristetest. Det er også krav til at opplysningar om ekstra forholdsreglar skal vere kjent. Dette kan til dømes gjelde at avfallet har innhald av andre helse- og miljøfarlege stoff enn dei det er sett særskilt grenseverdi for i forskrifta. For avfall som oppstår jamleg, skal det det følge dokumentasjon på variasjon i innhald og eigenskapar, variasjon i desse eigenskapane, kva for eigenskapar som skal verifiserast og kor ofte. Det er avfallsprodusenten som skal basiskarakterisere avfallet. Basiskarakteriseringa må innehalde alle nødvendige opplysningar for at deponieigar skal kunne ta stilling til om kriteria for mottak er oppfylte og om avfallet kan deponerast.

#### Avfallsforskriften kap 9, vedlegg II, pkt 1.2d):

Det er krav om testing for å dokumentere at innhaldet av TOC er under 10 %. Dersom det er mistanke om at avfallet kan innehalde farleg avfall er det krav om testing.

#### Tillatelsen punkt 2.4 punkt a):

Farleg avfall til deponering skal være deklartert i samsvar med reglene i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

#### I avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.4 :

Driftsansvarleg skal avgjere om avfallet kan deponerast på bakgrunn av framlagt dokumentasjon.

### I internkontrollforskrifta § 5 punkt 2

Arbeidstakarane skal ha tilstrekkeleg kunnskap i det systematiske miljøarbeidet. Dette inneber mellom anna at dei tilsette må ha kunnskap om krav til klassifisering og basiskarakterisering i avfallsforskrifta og løyve, og korleis dette skal dokumenterast og kontrollerast.

### **Observasjonar**



*Figur 1 og 2: Deponert blanda avfall.*



Under tilsynet blei det observert at det var deponert blanda avfall (figur 1 og 2 over). Dette viser at kontrollen av avfall til deponiet ikkje er god nok. Det er ikkje gjort ei god nok sortering på førehand for å sikre at berre det avfallet som oppfyller krava i deponireglane nemnt over blei deponert. Det avfallet som var deponert vil kunne overskride grensa for innhald av TOC på 10 %. Eksempel på dette er madrassar, greiner, trevirke og papp. Verksemda kunne ikkje legge fram basiskarakterisering for dette avfallet som viser at innhaldet av TOC er under 10 %. Det deponerte avfallet kom frå ei utandørs sorteringsplate for blanda avfall like bortanfor.

#### Slagg og bunnaske som er farleg avfall

Verksemda har motteke bunnaske og slagg som konsulenten til verksemda har vurdert at er farleg avfall. Vidare skriv konsulenten i sin rapport at materiala må reanalyserast for å vurdere stabiliteten, i tillegg må det gjennomførast kolonnetestar. Basiskarakteriseringa er dermed mangelfull, og det er uklart om avfallet tilfredsstiller krava til deponering. Trass konsulenten si vurdering er ikkje avfallet blitt deklartert som farleg avfall. Statsforvaltaren har ikkje motteke informasjon om oppfølgande analysar er blitt utført og kor mykje av dette avfallet som er deponert.

#### Oppdatering av internkontroll

Internkontrollen er ikkje oppdatert etter regelendring i vedlegg II til kapittel 11 i avfallsforskrifta. Endringa gjeld frå 5. juli 2018. Endringa fører til at nokre grenser for farleg avfall vert lågare fordi dei må summerast.

### **Avvik 2: Oppsamling, handtering og overvaking av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyvet.**

#### **Avvik frå:**

Deponiløyvet:

- punkt 1.2 om plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
- punkt 4.1 om tiltak for å redusere sigevassmengda
- punkt 4.3 om sigevasshandtering
- punkt 8.3 om vassbalanserekneskap
- punkt 8.4 om overvaking av sigevatn

Internkontrollforskrifta §5, punkt 6.

#### **Kommentarar til regelverket**

##### Deponiløyve punkt 1.2: Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

#### Deponiløyve punkt 4.1: Tiltak for å redusere sigevassmengda

Det skal leggest til rette for at det dannar seg minst mogleg sigevatn i deponiet utover den vassmengda som trengs for å oppretthalde gassproduksjon. Alt sigevatn skal samlast opp.

Verksemda skal ha kontroll med innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn og om naudsynt sette i verk tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet. Reint overflatevatn frå omkringliggende areal eller innsig av reint grunnvatn skal ikkje tilførast sigevassnett, men leiast separat utanom deponiet.

Det skal også vere kontroll med inntrenginga av nedbør i deponiet. Deponiet sitt nedbørsfelt skal avgrensast ved midlertidig avskjering av det aktive arealet som er ope for deponering. Oppsamlinga av sigevatnet og effekt av tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet skal dokumenterast gjennom overvåkingsprogrammet og vassbalanseutrekningar, jamfør punkt 8.2 og 8.3 i løyvet, og skal inngå i miljøovervåkingsprogrammet, jf. punkt 8.4.

#### Deponiløyve punkt 4.3: Sigevasshandtering

Sigevatnet skal reinsast lokalt, i samsvar med prinsippet om beste tilgjengelege teknikk (BAT).

#### Deponiløyve punkt 8.3: Vassbalanserekneskap

På bakgrunn av resultat frå anna overvaking, skal verksemda lage eit vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

#### Deponiløyve punkt 8.4: Overvaking av sigevatn

Verksemda skal ha eit overvåkingsprogram for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn i trå med krava i avfallsforskrifta sitt vedlegg III og Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2077 om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi.

#### Internkontrollforskrifta §5, punkt 6.

Verksemda skal kartlegge farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko og utarbeide planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

### **Observasjonar**

#### Alt sigevatn vert ikkje reinsa

Under tilsynet kom det fram at overløp frå utjammingsbassenget for sigevatn går til det gamle reinseanlegget ved Raundalselva. Det var ikkje rutine for å tømme sedimentasjonsbassenget i dette anlegget for slam. Dette betyr at i praksis vert ikkje sigevatn som går i overløp reinsa då det ikkje var drifting av dette anlegget.

#### Vassbalanserekneskap er ikkje utarbeida

Verksemda har ikkje utarbeida eit vassbalanserekneskap. Det er imidlertid i gang eit arbeid med å lage oversikt over arealbruk og kva område som er tildekka og ikkje. Vidare har verksemda planar om å kjøpe klimastasjon då dei ser at nedbørsituasjonen ikkje er lik den som er på næraste målar.

I miljørapporten for 2020 står det at grunnvatnet i målepunkta er enten «påverka» eller «mykje påverka» av sigevatn frå deponiet, men verksemda har ikkje fulgt opp dette som eit avvik. Det er ikkje utarbeidd handlingsplan for å rette opp sigevasspåverknaden av grunnvatnet.

#### Tilbakepumping av vatn/slam etter reinsing er ikkje miljørisikovurdert

Sigevassmengder og -sammansetning vert påverka av praksisen med tilbakepumping av konsentrat<sup>1</sup> frå reinseanlegget.

Konsentrasjonen i det vatnet som vert pumpa attende er høgare enn i «normalt» sigevatn, og dette verkar inn på innhaldet i - og sammansetninga av - det vatnet som må reinsast. Det må også vurderast om tilbakepumping av sigevatn kan ha andre følgjer på deponiet og utslepp frå deponiet på kort og lang sikt, mellom anna om det kan føre til ei opphoping av miljøgifter i deponiet over tid.

Dette skulle ha vore miljørisikovurdert for å finne ut om det nødvendig å sette i verk tiltak. Ein slik praksis vil også kunne virke inn på kor lenge reinseanlegget må drivast når deponiet vert avslutta.

#### Overvaking av sigevatn er ikkje i tråd med rettleiar TA2077

Verksemda overvakar ikkje alle dei parametrane som er nemnt i rettleiar TA2077. Dette gjeld mellom anna KOF, BOF og olje. Verksemda har ikkje rutinar som sørger for at kravet knytt til overvakingsparametrar vert fulgt opp.

### **Avvik 3 Verksemda sørger ikkje for at utslepp av deponigass er lågast mogleg**

#### **Avvik frå:**

- Deponiløyvet
  - punkt 5 Deponigass

#### **Kommentarar til regelverket**

I punkt 5 i løyvet er det krav til at oppsamlingsanlegget skal drivast for eit miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa deponiet sin storleik og venta/utrekna gasspotensial. Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass og gassuttaksanlegget sin effektivitet. Det skal setjast i verk avbøtande tiltak for å sikre lågast mogeleg utslepp til luft. Verksemda skal regelmessig evaluere effektiviteten til gassuttaket frå deponiet og vurdere behov for oppgraderingstiltak.

#### **Observasjonar**

I rapporten «Måling av deponigasslekkasje fra Bjørkemoen 2015» vart det konkludert med at det frå eit areal på deponioverflata (kalt «område 2») er nødvendig med tiltak. Vidare er det konkludert med at for område 3 er det nødvendig med ei forenkla kartlegging. Under tilsynet blei det opplyst at funna i rapporten ikkje er fulgt opp.

---

<sup>1</sup> Konsentrat – det vatnet som ikkje passerer ultrafilteret, og som derfor er mest forureina.

## 6. Andre forhold

Opplysningane om deponiet som vart presentert under tilsynet ga all informasjon på eitt kart. Verksemda opplyste at dei hadde brukt eit eksternt firma til å laga dei framstillingane dei brukte. Dei ville sjå om dei kunne få laga nye og endra kart.

### Varsel om endring av løyve til deponering og mellomlagring av avfall datert 29.06.2009

Vi varslar at vi i medhald av § 18 i forurensningslova vil endre følgande vilkår i løyvet:

- Punkt 2.4 d) vert endra til følgande:

#### **Forureina jord frå gravearbeid på lokalitetar med forureina grunn**

Totalkonsentrasjonar av stoff i forureinsa jord til deponi skal ikkje overskride grensa for farleg avfall etter avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 2.

Før mottak av forureinsa jord skal avfallet sine eigenskapar som har følger for deponiet på kort og lang sikt, være kjent i størst mogleg grad, jf. avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II. På bakgrunn av denne informasjonen og forhold på deponiet skal det gjerast ei risikovurdering. Risikovurderinga må innehalde ei vurdering av spreifaren for innhaldet av forureiningar. Mobiliteten av stoffa må sjåast i samheng med den aktuelle mengda. Videre må det vurderast om mottak av masser kan påverke utsleppet frå deponiet, reinseanlegget eller føre til lukt. Om nødvendig må verksemda gjere risikoreduserande tiltak.

- Vedlegg A vert fjerna.

Årsaka til at vi varslar endring er at vilkåret er praktisert feil, og at tabellen i vedlegg A med grenseverdier for kva som vert rekna som farleg avfall ikkje samsvarer med gjeldande regelverk for klassifisering av farleg avfall. Vilket og vedlegget gjelder berre for forureina jord frå anleggsarbeid, men er blitt brukt også for andre typar avfall. Grenseverdiene i vedlegg A er feilaktig blitt brukt til klassifisering av farleg avfall, sjølv om klassifisering skal gjerast etter kapittel 11 i avfallsforskrifta.

Det er difor behov for å endre vilkåret slik at det går tydeleg fram at det berre gjeld for forureina jord frå gravearbeid på lokalitetar med forureina grunn, og at klassifisering av avfall skal gjerast i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11. Fleire andre deponi som har/hadde tilsvarande vilkår har også fått endra sitt løyve, eller vil få varsel om endring.

#### **Varslar pålegg om plan for avslutning og etterdrift av deponiet**

Vi varslar at vi vil pålegge verksemda å sende inn ein plan for avslutning og etterdrift av dei ulike områda av deponiet innan 31. mars 2022. I ein slik plan må det gå fram planar for dei delane av deponiet som det ikkje lenger er påfylling av avfall på, og korleis framtidig avslutning av delområde er planlagt gjort.

## **7. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren